

# **Referat frå årsmøtet i Leikarringen i Bondeungdomslaget i Oslo 25. februar 2014 i Lagsrommet, Rosenkrantz' gate 8 kl. 19**

*Til stades på møtet: 15, alle med røysterett*

## **Sak 1 Opning av møtet**

### **1.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent.

### **1.2 Val av møteleiar**

Vedtak: Rune H. Bjerke vald til møteleiar.

### **1.3 Val av skrivar**

Vedtak: Lisa Grav Henriksen vald til skrivar.

### **1.4 Val av to til å skrive under møteboka**

Vedtak: Anne Cathrine Johansen og Lasse Pettersen samrøystes valde.

### **1.5 Val av teljekorps**

Vedtak: Sissel Seland og Kjell Klausen samrøystes valde.

## **Sak 2 Årsmelding frå Leikarringen i Bondeungdomslaget i Oslo 2013**

### **2.1 Melding frå Rådet i Leikarringen**

Til orientering. Ingen kommentarar.

### **2.2 Melding frå Styret i Leikarringen**

#### Kommentarar pkt. 2.2.1:

Korrigere namn på styremedlem, til Signe Marie Hernes Bjerke.

#### Kommentarar pkt. 2.2.4:

Det er nokre medlemer som ikkje har PC og styret når ikkje ut til alle gjennom e-postlista. Dei medlemene som ynskjer å få informasjon i brev, bør kunne få dette.

#### Kommentarar pkt. 2.2.11:

Leikarringen deltok også på Sehesteds plass i samband med 100-årsjubileet til Det Norske Teatret.

Ei gruppe frå Leikarringen hadde framsyning i eit norsk-somalisk bryllaup 20. juni 2013, og er nemnd i årsmeldinga.

Oppmoding til styret om å velje ein bunadsstyrar blant styremedlemene i det nye styret, som kan bidra til å rydde på Lekarringen sitt kontor.

#### Kommentarar pkt. 2.2.14:

Styret la fram ei retting til punktet årsmeldinga som vart utdelt på vedlagt ark. I tillegg representerte Anne Cathrine Johansen Leikarringen på årsmøtet i Bondeungdomslaget.

#### Kommentarar pkt. 2.2.16:

Styret la fram ei retting til punktet årsmeldinga som vart utdelt på vedlagt ark.  
Ingen ytterligare kommentarar.

#### **2.3 Melding frå Søndansen**

Til orientering. Ingen kommentarar.

#### **2.4 Melding frå Bunadsnemnda**

Til orientering. Ingen kommentarar.

Vedtak: Årsmøtet godkjende årsmeldinga med dei endringane som her er nemnt.

### **Sak 3 Rekneskap for 2013**

#### **3.1 Rekneskap**

#### **3.2 Balanse**

Rekneskapen vart tilsendt kasseraren i kort tid før årsmøte og han har ikkje hatt høve til ein grundig gjennomgang. Det ligg ikkje føre revisjonsmelding frå revisor. Kasserar ynskjer å ta opp situasjonen, slik at rekneskapet kan vere styret i hende i god tid før årsmøte.

Vedtak: Rekneskapen blei godkjend, under føresetnad av godkjenning frå revisor.

### **Sak 4 Planar**

#### **4.1 Planar for 2014**

#### Kommentarar pkt. 4.1.1:

Oppmoding til styret om å fastsetje dato for jubileumshelg før sumaren, slik at medlemer kan setje av helga.

#### Kommentarar pkt. 4.1.6:

Ynskjer at Rådet kan ha ein funksjon og sjå på ideologien til Leikarringen og sjå det store biletet for laget. Styret er for opptekne i den daglege drifta. Rådet kan sjå på moglegheiter for vekst og auke i medlemstal. Ynskjer å sikre kontinuitet i arbeidet gjennom Rådet. Styret kan søkje råd og innspel frå Rådet, men det er ei oppmoding om at Rådet kan ha ein større rolle i Leikarringen sitt arbeide **enn** i dag.

Vedtak: Årsmøte tok planane for 2014 til vitande.

### **Sak 5 Strategiplan for BUL Oslo – Leikarringen**

#### **5.1 Orientering**

#### Kommentarar

Det påpeikast at det er viktig at styret og medlemene i Leikarringen er samstemde om strategiplanen som skal gjennomførast, at det er ynskje og tru på planen som BUL legg fram. Planen må vere forankra hos medlemene og styret. Handlingsplanen gjeld berre for år 2014. Planen for åra etter 2014 er presentert i den overordna strategien for BUL og er ikkje tatt opp til debatt i styret.

#### **5.2 Godkjenning**

*Vedtak:*

Årsmøte godkjende teksten for handlingsplan/strategiplan for 2014 som omhandlar Leikarringen.

**Sak 6 Medlemspengar for 2015**

Årsmøtet vedtok at medlemspengar for 2015 blir ståande uendra.

**Sak 7 Budsjett for 2014**

Styret ynskjer å ha mandat til å bruke posten for Andre kostnader på 100 000 kr, som vart sett av i fjor, til det styret meiner tener Leikarringen best.

*Vedtak:* Årsmøtet vedtok samråystes budsjettet for 2014.

**Sak 8 Lovbrigde**

Saka vart fremja av Sverre Gammersvik. Det ynskjast utsendt medlemslister med namn, telefonnummer og adresse til alle medlem i laget.

Kommentarar:

Det bør ikkje vere noko større arbeid med å organisere denne lista og sende ho ut som brev eller på e-post til dei som har dette. Arbeidet vil gjerast ein gong og kontinuerleg oppretthaldes når nye medlem kjem til.

Eventuelle nye medlemer som ikkje ynskjer å stå på lista vil kunne seie frå seg dette ved innmelding.

Styret fremja å utsetje dette arbeidet til hovudlaget kan få på plass ei felles liste og system for heile laget. Det viktigaste er at alle som står på ei slik medlemsliste samtykkjer til at informasjonen vert spreidd, at det ikkje vert send ut anna informasjon enn det lista har som føremål og at informasjonen ikkje vert delt med andre.

Forslag til vedtak:

Styret ynskjer framleis å arbeide fram ei felles liste med laget, men vil i inntil vidare sende ut eit elektronisk spørjeskjema der medlemene oppmodas til å fylle inn oppdatert kontaktinformasjon og eventuelt godkjenne at lista med deira informasjon sendast ut. Ei slik liste vil berre sendast ut elektronisk.

*Vedtak:*

Årsmøtet vedtok styret sitt endelege forslag med 14 stemmer for og 1 stemme mot.

**Sak 9 Brigde i styreforesegnene**

Saka blei presentert av leiar av Rådet, Rune Hernes Bjerke. Bakgrunnen for saka er lite kontakt dei siste åra mellom Styret og Rådet. Samstundes har det vore eit ynskje frå sitjande styre om eit meir aktivt Råd. Leiaren av Rådet foreslår ein reduksjon i tal på Rådsmedlemmar; frå 9 faste- og 3 varamedlemmar, til 5 faste Rådsmedlemmar.

Kommentarar:

Ynskje om at Rådet skal vere meir effektivt og fylle ein plass i organisasjonen, som Rådet ikkje har i dag. Innspel til Rådet om å komme med nye initiativ og ta kontakt med Styret uoppmodast.

Kriteria for å vere medlem av Rådet kan revurderast. Tal på år som medlem i Leikarringen er ikkje nødvendigvis den viktigaste faktoren for eit velfungerande og aktivt Råd.

Oppmoding til det nye Styret om å ta ein gjennomgang og vurdering av styreføresegnene. Dei gjeldande styreføresegnene er ikkje oppdaterte til den situasjonen og tida som Leikarringen er i no. For å vere ein slagkraftig organisasjon, bør styringsføreseagna oppdaterast.

Vedtak: Framlegget om brigde i styreføresegnene vart einstemmig vedtatt.

**Sak 10 Val**

Valnemnda la fram si innstilling og valet blei gjennomført med dette resultatet:

Styret i Leikarringen

Leiar for eitt år:

- Anbjørg Myhra Bergwitz

Styremedlemer for to år:

- Audun Grüner-Hegge (attval)
- Simon Hesselberg Løvald (utfyllingsval for Lisa Grav Henriksen)
- Hans Petter Holen (ikkje på val)

To varamedlemer for eitt år:

- Guro K. J. Hernes
- Lasse Pettersen

Bunadnemnda (attval)

Turid Rønning

Anne Cathrine Johansen

Lasse Pettersen

Styret i Banelaget

Medlem 2 år:

- Victoria Carlin (attval)
- Endre Bakka (ikkje på val)

Varamedlem 1. år:

- Christina Nipe (attval)

Valnemnda

Margrete Aarflot.

Anne Cathrine Johansen

Signe Marie Hernes Bjerke

Alle val blei gjennomført ved akklamasjon.

Rådet i Leikarringen

Etter nytt vedtak i sak 9, blei føljande vald inn i Rådet: ~~ungdomslaget i Oslo~~  
~~Lagets kontor, Rosenkrantz gate 8 kl. 19~~

Vald for 2 år i 2014:

- Rune Hernes Bjerke
- Anne Cathrine Johansen

Vald for 2 år i 2013:

- Kjell Klausen
- Lasse Pettersen
- Ruth Amdahl

Rådsmedlem Rune Hernes Bjerke var eigentlig ikkje på val i år, men vernet vart fornya med 2 år, etter vedtaket i sak 9. Dette var for å sikre kontinuitet i Rådet ved neste val. Plassen til Anne Cathrine Johansen blei vald gjennom hemmeleg listeaval.

Leiaren takka til slutt avtroppende styremedlem Lisa Grav Henriksen og Signe Marie Hernes Bjerke for innsatsen.

Møte vart heva om lag kl. 21.30.

Sak 2. Anmeling fra Rådet om utskrivning av Rådet i Oslo 2013  
Oslo, 25. februar 2014

Anne Cathrine Johansen Lasse J. Pettersen

Anne Cathrine Johansen  
underskrivar

Lasse Pettersen  
underskrivar

Kommunikasjonspunkt 2.2.4:

Det er nokre medlemmer som ikkje har PC og styret når ikkje ut til alle gjennom e-postlista. Det medlemmet som ønsker å få informasjon i brev, bør kunne få dette.

Kommunikasjonspunkt 2.2.11:

Lekkarringen deltok også på Sehesteds plass i samband med 100-årsjubileet til Det Norske Teatret.

Eit grupp fra Lekkarringen hadde framsyning i eit norsk-somaliisk bryllaup 20. juni 2013, og er ikkje nemnd i framsendinga.

Øpnemøding til styret om å velje ein bunadsstyr er blant styremedlemene i det nye styret, som kan bidra til å sykle på Lekkarringen att kontakta.

Kommunikasjonspunkt 2.2.4:

Styret la fram ei retting til punktet Anmelinga som vart utdelt på vedlagt ark, i tillegg representerte Anne Cathrine Johansen Lekkarringen på årsmøtet i Hønefossdonslaget.